



Velkommen til Ulsteinhallen

Opent KM for Møre og Romsdal 4. og 5. februar 2023

4. og 5. februar vert det ny idrettsfest i Ulsteinhallen. Då arrangerer friidrettskretsen saman med Dimna IL og dei andre klubbane i kretsen opent KM for Møre og Romsdal. Stemnet er opent for alle, også deltakarar frå andre kretsar. Torsdag 2. februar arrangerer vi saman med Team Warholm elitestemnet Karsten Warholm Invitational. Her kan du få oppleve mange av eliteutøvarane i Norge saman med fleire internasjonale stjerner.

Klasse	Laurdag - kl. 13.00	Søndag - kl. 11.00
10 år	60 m, kule, høgde	Lengde og 200 m
11-12 år	60 m, kule, høgde, stav, lengde u/t, 1000 m kappgang	60m hk, 200 m, lengde og 600 m, høgde u/t
13 år	60 m, lengde, høgde, stav, lengde u/t, 1000 m kappgang	60m hk, 200 m, kule og 600 m, høgde u/t
14 år	60 m, lengde, stav, 800 m, høgde u/t, 1000 m kappgang	60m hk, 200m, kule og 600m, høgde, lengde u/t
15-19 år	60m hk, 200m, lengde, 800m, høgde u/t, Stav, 1500m kappg.	60m, 400 m, 1500 m, kule, høgde, lengde u/t
Senior	60m hk, 200m, lengde, 800m, høgde u/t, Stav, 3000m kappg.	60m, 400 m, 1500 m, kule, høgde, lengde u/t

PÅMELDING:

Online påmelding via Minidrett eller Isonen. **Påmeldingsfrist: Søndag 28. januar.** Etterpåmelding mot dobbel startkontingent kan du sende på e-post på adressa: hatloy@hotmail.com. I meisterskap som KM er det ikkje lov å rykke opp i eldre klasser. **Dei som er 13 år og eldre vil ikkje kunne melde seg på før lisensen for 2023 er betalt.** Påmeldingsfristen er litt ekstra tidleg på grunn av at vi også skal arrangere Karsten Warholm Invitational den 2. februar.

STARTKONTINGENT:

Rekruttar: kr. 100,- for alle øvingane. 10 år kr. 75,- pr. dag (alle øvingane). 11 år og eldre: Kr. 100,- pr. start. Det blir sendt faktura på startkontingenten til klubben etter stemnet. Ved påmelding etter påmeldingsfristen vert det dobbel startkontingent.

PREMIERING:

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. I rekruttklassa blir det deltakarpremie til alle. I 10 års klassa vert det ein deltakarpremie pr. dag til alle. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

ANNAN INFORMASJON:

I løpsøvingane frå 200 m og lenger vert det tid avgjerande (ingen finaler). På 60 m og 60 m hekk vert det forsøk og finale for klassene 11 år og eldre. Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på kretsen sin heimeside.

KLUBBDUGNAD

Gjennomføringa av KM blir også denne gangen ein liten klubbdugnad. Dei ulike klubbane i kretsen som har med deltakarar må også bidra med funksjonærkrefter for at vi skal kunne gjennomføre stemnet. Det blir sendt ut meir info om oppgåver litt seinare.

OVERNATTING

På grunn av Karsten Warholm Invitational er det fullt på Quality Hotel Ulstein tlf. 70013000 og Sunnmøre Folkehøgskule (SUFH) tlf. 70009600 frå torsdag til fredag. Dei som har behov for overnatting frå torsdag til fredag kan vi anbefale Thon Hotel Forsnavåg tlf 70081010 eller Havila Hotel Ivar Aasen i Ørsta tlf. 70045100.

